

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 28.08.2017

Vår ref.: 201300203-9

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Steinar Pettersen

22959403/stp@nve.no

## Melkevoll Elvekraft SUS – Søknad om løyve til Melkevoll kraftverk i Stryn kommune i Sogn og Fjordane – høyring

NVE har vedlagt brev datert 10.08.2017 motteke ein søknad frå Melkevoll Elvekraft SUS, datert 29.12.2016, om løyve til Melkevoll kraftverk i Stryn kommune.

Melkevoll kraftverk vil nytte eit fall på 43 m mellom kote 123 og 80 i Storelva. Vassvegen mellom inntaket og kraftstasjonen blir eit nedgrave rør med diameter 1200 mm og lengd 555 m. Det må byggjast ein veg på 70 m til kraftstasjonen. Middelvassføringa ved inntaket er 5,09 m<sup>3</sup>/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2,5 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,99 MW, og vil etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 3,77 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 550 m lang elvestrekning i Storelva, som er ein del av det verna Oldenvassdraget. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 300 l/s heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Melkevoll kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vannressursloven og gjeld løyve etter vannressursloven § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Stryn kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Servicekontoret i kommunehuset fram til **09.10.2017**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **09.10.2017**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**

Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**

Vangsvieien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

NVE vil halde sluttsynfaring av tiltaksområdet onsdag 04.10.2017. Oppmøte vil vere ved resepsjonsbygget til Melkevoll Bretun kl 11.00. Vi ber om at påmelding til synfaring sendast på e-post til [stp@nve.no](mailto:stp@nve.no) innan 28.09.2017. Påmeldinga må innehalda namn på deltakar(ar), eventuelt frå kva etat/organisasjon, og mobilnummer.

Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Steinar Pettersen  
seniorrådgiver

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:        Orientering til høyringspartane  
                  Kunngjeringsstekst

Mottakerliste:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
NHO Reiseliv Region Vest-Norge  
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane  
Norges Miljøvernforbund  
Norges Padleforbund  
Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane  
Sekretariat for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
Sogn og Fjordane Bondelag  
Sogn og Fjordane Energi AS  
SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE  
Sogn og Fjordane Turlag  
Statens Vegvesen - region vest  
STRYN ENERGI AS  
Stryn kommune

Kopi til:

Melkevoll Elvekraft AS